

Rettleiing for marknadar for å hindre smittespreiing av koronavirus (Covid-19)

- Midlertidige marknadar og messer kjem inn under definisjonen for arrangement, og må derfor følge nasjonale retningslinjer: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/anbefalinger-ved--store-arrangementer-knyttet-til-koronasmitte-i-norge/?term=&h=1>. Arrangøren sjølv er ansvarleg for å følgje gjeldande lovverk. Kommunen kan gje råd og kan føre tilsyn.
- Arrangementet må ha ein ansvarleg arrangør som gjer ei risikovurdering, lagar plan for ei trygg gjennomføring, lagar rutinar, samt sørgjer for at desse blir haldne.
- Det er ikkje love med ope arrangement. Det vil seie at boder og aktivitetar må samlast på eit avgrensa og avsperra område. Bruk sperreband og marker inngang og utgang tydeleg.
- Det kan vere inntil 200 personar til stade samtidig på arrangement ute. Det skal være minst 1 meter mellom kvar deltakar. Dersom det er personar frå samme kohort, t.d. husstand elle klassekohort, så kan dei stå tettare internt i kohorten. Avstanden mellom slike kohortar der folk står tettare bør vere 2 meter.
- Det kan være inntil 50 personer samstundes på arrangement inne.
- For eit arrangement kan ein sleppe fleire til ved at når alle i den fyrste gruppa på 50 eller 200 (avhengig av om det er inne eller ute) har forlatt området, kan ei ny gruppe på 50 eller 200 personar sleppe inn på arrangementet. Ein kan ikkje sleppe ut nokre få deltakara og sleppe inn nokre fleire opp til maksimal talet igjen. Ein må bytte ut hele gruppa før ny gruppe slepp inn. Det må vurderast i kvart einskilde tilfelle om det er naudsynt med reinhald/desinfisering før ny gruppe slepp inn.
- Det må vere god nok plass mellom bodene og aktivitetane til at deltakarane kan halde minimum 1 meter avstand. Fokuser spesielt på å kunne halde 1 meter avstand i kø.
- Syt for å ha vakter som kontrollerer inngang og utgang.
- Lag gode, tydelege oppslag om dei generelle smittevernreglane ved inngangen, og andre stader det passar seg.
- Deltakarane må registrerast med namn, telefonnummer og klokkeslett for når dei kom. Bruk gjestebok eller løysing på app. Opplysningane skal oppbevarast i 10 dagar for mogleg smittesporing.
- Kundane bør oppmodast til å desinfisere hendene både ved inngang og ved utgang.
- Lag rutinar for jamleg reinhald av utsette kontaktpunkt.
- Syt for strenge hygienerutinar for servering av matvarer.
- For store arrangement må det vere tilstrekkeleg med toalettfasilitetar, samt ettersyn og reinhold av desse.
- Lag ein beredskapsplan for handsaming av mistanke om utbrot som oppdagast i løpet av arrangementet.

Reguleringane i covid-19-forskrifta kan endrast raskt. Vi anbefalar derfor å følgje med på Helsedirektoratets, Regjeringa og Folkehelseinstituttets sine nettsider.

Med venleg helsing

Anne Ruth Syrtveit Mikalsen
Kommuneoverlege